

Retningslinjer for bruk av 1) Overtid og 2) Kompensasjon for reiser og arbeidstid utanom normal arbeidstid i Kinn kommune

1. Overtid

Overtid er arbeid som vert pålagt ut over ordinær arbeidstid (per veke eller per dag).

Dersom arbeidsgjevar pålegg arbeidstakar å arbeide utover ordinær arbeidstid skal dette kompenseras med overtidsbetaling etter fellesbestemmelsane § 6. Arbeidstakar kan etter avtale med leiar velje å avspasere overtidstimar time for time og kun få utbetalt overtidstillegget.

Arbeidstakar kan ikkje påleggjast å arbeide fleksitid utover ordinær arbeidstid.

Bruk

Bruk av overtid må ikkje skje utan at det ligg føre eit særskilt og avgrensa behov for det.

Overtidsarbeid kan til dømes finne stad i følgjande tilfeller:

- Uforusette hendingar eller forfall blant arbeidstakarane som kan forstyrre eller true med å forstyrre den jamne drift. Eksempel: maskinskade, strømbrot, sjukdom blant dei tilsette
- Når overtidsarbeid er naudsynt for at ikkje anlegg, maskiner, råstoff eller produkt skal ta skade
- Når det er oppstått uventa arbeidspress. Det er her ikkje nok at det oppstår eit særlig arbeidspress, arbeidspresset må også være uventa.
- Når det på grunn av mangel på arbeidskraft med spesiell kompetanse, sesongmessige svingingar eller liknande har oppstått særleg arbeidspress.

Overtid skal fordelast på ein slik måte at det ikkje vert for stor belastning på den einskilde arbeidstakar.

Godkjenning

Det er ikkje høve til å arbeide utover ordinær arbeidstid (overtid) utan at dette er pålagt av nærmaste leiar på førehand. Ved særskilt akutte behov om kvelden og nærmaste leiar ikkje er mogleg å kontakte, kan leiar godkjenne i ettertid.

2. Reisetid

§ 3.1 Dette gjeld ved ordinære reiser utanom normal arbeidstid og gjeld ikkje ved følge av pasientent/klient/brukar/elev.

Kinn kommune følger statens reiseregulativ når det gjeld skyss og kostgodtgjersle.

Tenestereiser utanom arbeidstakar si normale arbeidstid vert kompensert med 50% frå første time. Det betyr at 2 timar reise gjev 1 time kompensasjon. Som hovudregel skal vedkommande få fri eit tilsvarande antall timar ein anna arbeidsdag.

Eks: Ein arbeidstakar er på tenestereise som startar kl. 07.30 og varer til 18.00. Normal arbeidstid er 08.00-15.30. Dette er til saman 3 timar utover normal arbeidstid. Med omrekningsfaktor 1:2 gir dette 1,5 time til avspasering.

Reisetid kan registrerast som arbeidstid etter ei konkret vurdering av nærmaste leiar.